




Rasområdet fotografert fra Døssland-gardane (Foto: Ola Matti Mathisen)

Yr har spådd godt over 100 mm nedbør i inneverande døgn, og så langt kan mykje tyde på at prognosane slår til.

Saman med mildveret har dei store nedbørsmengdene ført til eit stort og eit mindre men heldigvis udramatiske snø- og jordras i Englafjellsida ovanfor huset som Trond Olsen eig på Døssland.

Rasa gjekk ved 13.30-tida og 15-tida men stoppa i utmarka ved Raundokka utan å gjera skade.



Dette bildet var teke etterat det andre raset var gått (Foto: Ola Matti Mathisen)

At det er såpass lite snø i fjellet kjem godt med.
Med større snømengder ville rasa nok fått eit større omfang, og tillegg ville snøsmelting ført til meir omfattande flaumvatn med dei temperaturar vi har i dag.

Det er i dag 8-10 grader i dei sentrale delar av Uskedalen.
Frå påliteleg hald på Eik vert det meldt at temperaturen i dag er 0,2 grader høgare enn på 17.mai.
På nasjonaldagen vart det målt 9,6 grader, medan det i dag er målt 9,8 på same stad.

Rasa på Døsslandsido gjekk på området til Asbjørn Olsen og ein av dei som såg det første var Berit Harriet Døssland.
- Det er vanleg at det går ras i elvefaret der oppe.
Det har gjort det i alle år, opplysar ho.
Andre augnevitne kan fortelje at det buldra godt i fjellsida då raset gjekk.

Av Thor Inge Døssland og Ola Matti Mathisen